



Arkivsaknr: 2026/4608-1
Sakshandsamar: Irene Hystad Hugaas
Avdeling: Skule

Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd

SAKSFRAMLEGG

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	05.05.2026
	Ungdomsråd	04.05.2026
	Kommunestyret	21.05.2026
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	04.05.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune 2025 er tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for levekår

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Tilstandsrapport for 2025 for grunnskulane i Alver kommune er ein årleg rapport om tilstand og status for arbeidet i skulane. Denne rapporten for 2025 gir eit bilete av situasjonen i skulane i Alver, både det vi er nøgde med og det vi vil forbetre og utvikle. Skuleeigar har vurdert og analysert tilstanden i opplæringa på områda læringsmiljø, elevresultat og grad av gjennomføring eller fråfall, og peikar på nokre utfordringsbilete. Vi arbeider for likeverdige tilbod og felles retningslinjer for skulane i Alver. Rapporten gir difor eit oversiktsbilete heller enn detaljkunnskap om kvar skule.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Den årlege tilstandsrapporten i Alver inngår som ein del av det ordinære plan, - budsjett, - og rapporteringsarbeidet hos skuleeigar, og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kvalitetsvurderinga inneber å samanstille informasjon og data som grunnlag for drøfting av kvaliteten på opplæringa. Dialogen om kva som er god kvalitet står sentralt. Målet er kvalitetsutvikling og læring.

«Kommunestyret skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. « (Opplæringslova § 17-12)

Vurderingsgrunnlag

- Opplæringslova § 17-12
- Kommunedelplan for oppvekst

Partar

Rapporten blir lagt fram for drøfting i kommunestyret i samsvar med opplæringslova.

Vurdering av særskilte grupper

Gjeld opplæring for alle elevar i grunnskulen i Alver kommune.

Kommunedirektøren si tilråding

Tilstandsrapport for grunnskulen i Alver kommune 2025 blir tatt til orientering.